

Snart 96, kører bubil og planerte Heio i 1951.

16.07.2020



Sigmund Tveit, snart 96, fra Bjoa er tilbake på Heio der han grovplanerte plassen i 1951.

**Sigmund Tveit er mannen som i 1951 kom til Uskedalen med bulldosar og lastebil og var med på arbeidet med å planera idrettsbanen Heio. I september måned er han 96 år og saman med to andre familiar har han og kona feriert på Øyro Marina og Camping i denne veka. Saman med Uskedalen.no var han tilbake på Heio og fekk sjå idrettsbanen han jobba på for snart 70 år sidan.**

Ikkje nok med det. Turen gjekk til Olsen Motorsamling på Eikelandet der bulldosaren Internasjonal TD 9 står, identisk med den han hadde i sitt maskinfirma. Saman med Tor Vølstad dreiv han Bjoa Bulldosar og hadde arbeid rundt i heile Sunnhordland. Svoger hans, Sverre Hauge, var også med på arbeidet i Uskedalen.

Sigmund Tveit minnest godt og fortel levande om opphaldet i bygda. Det hadde seg slik at firma hans fekk arbeidet med å grava ut tomta til Systerheimen på Valen. Maskinane vart frakta med MS SUNNHORDLAND frå Bjoa til Sunde. SUNNHORDLAND hadde svingskive og var stor nok til å ta tunge laster. Etter arbeidet på Valen sjukehus og med å leggja ut massar på fotballbanen der bar det til Uskedalen, vidar til same jobben med å planera grusbanen i Rosendal.



Sigmund Tveit ser den same bulldosaren, ein Internasjonal TD 9, i Olsen Motorsamling på Eikelandet.

Bulldosaren, den fyrste i sitt slag i Hordaland, vart forresten belta frå Uskedalen til Rosendal, fordi bruene på vegen truleg ikkje bar både dosar og lastebil. For å ikkje gjera skade på bruene vart dosaren belta den lange vegen. Lastebilen var ein Dogde, høgrestyrt frå krigsåra.

Arbeidet i Uskedalen var i grava ut massane frå skåningen mot kommunevegen og leggja ut. Med noko lengre avstand vart det bygd ein lasterampe for å få massane flytta med lastebilen. Tveit hadde ikkje tilgang på brøyt. Difor vart massane dosa og flytta med bil.

Dei tre karane frå Bjoa budde på Solheim Turiststasjon. Dei kom i juni månad og dreiv på til tidleg på hausten. Sigmund Tveit kan ikkje hugsa kven i Idrettslaget som leia og hadde tilsynet med arbeidet. Det er noko han gjerne skulle visst.

Alt i 1957 skilde Vølstad og Tveit lag. Han skipa sitt eige firma som AS og hadde mange gode jobbar, særleg på Stord, mellom anna på Kjøtteinen. Han hadde mykje godt samarbeid med entreprenørfirma Gunnar Røsland i Kvinnherad. Tor Vølstad kom ut for ei ulukke ved sprenging og vart etterkvart blind.

Firma vert i dag drive av sonen Toralf Tveit som Tveit Maskin. Dei driv god med 4 - 5 lastebilar, gravemaskinar, beltemaskinar og mykje anna anleggsutstyr.

Uskedalen.no vil fylgja opp dette tema med nytt innlegg om idrettsbanen på Heio. Meld frå til redaksjonen dersom du har informasjon og bilete.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal